



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
79/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	25.11.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	FA-K11	19/425

DAGSTURHYTTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune søker fylkeskommunen om tilskot til dagsturhytte. Kommunal eigendel vert finansiert med midlar frå ubundne investeringsfond, endeleg finansiering vert vedtatt om søknad om tilskot vert innvilga.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 79/2019

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedteke

FPØ - Tiltråding/Vedtak:

Vaksdal kommune søker fylkeskommunen om tilskot til dagsturhytte. Kommunal eigendel vert finansiert med midlar frå ubundne investeringsfond, endeleg finansiering vert vedtatt om søknad om tilskot vert innvilga.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Alle kommunane i Hordaland (etter gjeldande struktur september 2019) er invitert til å søkje Fylkeskommunen om tilskot til Dagsturhytte. Dette er ei vidareføring av suksessen i Sogn og Fjordane.

Informasjon om prosjektet i Sogn og Fjordane: <https://www.sj.no/dagsturhytta.430892.nn.html>
Fylkestinget har løyvd midlar som skal nyttast til å sette i gang med 10 hytter i Hordaland i 2019.

Dagsturhytta er 15 kvadratmeter, og skal vere open heile året. Den skal vere eit lavterskelttilbod, og det er ei rekke kriterier for plassering. I Sogn og fjordane er det administrasjonen i kommunane som har valgt plassering, men gjerne i samråd med lag/organisasjonar. Kriterier er at den skal plasserast

nær der folk bur (tilrådd 15-20 min gangtid), og vere tilgjengeleg for skular og barnehagar. Det skal vere tilknytt eit stinett, eller kommunen forpliktar seg til å opparbeide dette. Det bør også vere kulturminne tilknytt, slik at turen kan kombinerast med fleire opplevingar.

Vurdert opp mot kriteria peikar Tettaneset seg ut, og i samarbeid med DnT Vaksdal, Stanghelle vel og Stanghelle idrettslag er plassering føreslått.




Figur 1: Dagsturhytta i Gloppen. Alle Dagsturhyttene har same størrelse og utforming.

Bakgrunn for saka

Opphavet til Dagsturhytta er frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Utgangspunktet er visjonen i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv: Fysisk aktivitet for alle. Fylkestinget har bestemt at dette skal vidareførast i Vestland.

Prosjektet starta som eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sparebankstiftinga/Sparebanken Sogn og Fjordane og kommunane sjølve. Dagsturhytta er eit lågterskeltilbod for turgåarar - ein plass for å ete matpakka si, få litt varme i seg og bla i bøker. Kvar hytte har eit nynorsk turbibliotek med mange ulike bøker.


Formelt grunnlag, planavklaring



Figur 2: Tettaneset er friluftsområde og innanfor 15-20 min gangtid

Området er del av ein områdereguleringsplan frå 2017, regulert til fritidsføremål, og det er opparbeidd stinett. Dagsturhytta vil ligge utanfor 100-metersbeltet til sjø, øst for Tettaneset fyr. Kommunen vil gje dispensasjon frå plan- og bygningslova for Dagsturhytta.

Det ligg eit automatisk freda gravfelt ute på Tettaneset, som vitnar om busetting frå slutten av bronsealderen og i vikingtida (700 - 1000-talet). Arkeologisk registrering på Tettaneset utført av Hordaland Fylkeskommune viser at området har vore i bruk i yngre romartid og folkevandringstid. Tettaneset og Stølavika har ei kulturhistorisk viktig funksjon, også som naudhavn ved tøffe forhold i Veafjorden. Dette er viktig kulturhistorie som kan formidlast i tilknytning til ei Dagsturhytte. Det er også eit freda skipsvrak i Folavika.



Figur 3: Utsnitt frå områdereguleringsplan som syner omsynssone for automatisk freda gravfelt.

Kommunen er grunneigar. Plasseringa er gjort etter synfaring med Stanghelle vel, Stanghelle idrettslag, DnT Vaksdal og representantar frå kommunen (plan/forvaltning og drift). Nokre av kriteria for plasseringa er omsyn til terrenget (ikkje eksponert, men fint utsyn), ver og vind, insektplager (vekk frå dei våte/fuktige områda og skog). Fundament for hytta kan etablerast utan store terrenginngrep.



Figur 4: Bilete frå synfaringa, frå plasseringa som er valgt for dagsturhytta på Tettaneset



Figur 5: Plassering av hytta er markert med gul

Hytta kan nyttast til ulike arrangement som t.d eventyrstunder og det kan byggast opp eit «minibibliotek» i hytta. Samarbeid med lag og organisasjonar, næringsliv og privatpersonar om arrangement og opplevingar i området kan gje aktivitet og innhald til tiltaket.

Det kan etablerast sanitæranlegg i form av ein utedo. Dette vil kome i tillegg til finansieringsmodellen under, men vil kunne inngå i søknad om spelemidlar.

Finansiering

Fylkeskommunen, tilskot	200.000,-
Sparebankstiftinga	100.000,-
Spelemidlar	333.000,-
Kommunal eigenandel	367.000,-
Sum:	1.000.000,-

Den kommunale eigenandelen vert i utgangspunktet sett opp med finansieringsmodell slik fylkeskommunen føreslår:

Kr. 67.000 – dugnad/eigen communal innsats knytt til grunnarbeid

Kr. 200.000 – mva.-kompensasjon

Kr. 100.000 – om lag den faktiske kostnaden etter mva.-kompensasjon

Det er knytt ei viss usikkerheit og risiko til kostnadane og finansieringa. Kommunal eigendel berekna til kr 367.000 er planlagt finansiert av ubundne investeringsfond, endeleg finansiering vert å kome tilbake til om søknad vert innvilga.

Vurdering og konsekvensar

Stanghelle er midtpunktet i den mest folkerike delen av kommunen, og Tettaneset har allereie eit stinnett som er mykje nytta både til tur og rundtur. Skulen er no verkskap for elevane frå Dale, og skal dei nærmaste åra også vere skulen for borna frå Vaksdal skule. Dagsturhytta på Tettaneset kan vere eit turmål for skulen, i tillegg til barnehagen i Stanghelle sentrum. Nærleiken til jernbanestasjonen gjer at dette kan vere både ei lokal og ei regional besøkshytte. Gamlevegen mellom Dale og Stanghelle er også godt egna til å sykle, slik at det er fleire «grøne» transportmoglegheiter frå kommunesenteret til Stanghelle.

Etablering av ei dagsturhytte er eit positivt tiltak for fysisk aktivitet og god folkehelse. Rådmann tilrår at kommunen søker fylkeskommunen om ei Dagsturhytte på Tettaneset og finansierer dette med fondsmidlar når kostnaden er klar.